

Reglement for valnemnda

Valnemnda er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7. Valnemnda gir innstilling i saker om val, der avgjerda om valet ligg til fylkestinget. Valnemnda sitt arbeidsområde er å leggje fram forslag til medlemmer, varamedlemmer, leiar og nestleiar i fylkeskommunen sine råd og utval, der ikkje anna er fastsett i lov eller i reglement.

Valnemnda legg og fram forslag til representantar til styrande organ i selskap, stiftingar og institusjonar, generalforsamlingar mv, der fylkeskommunen har medlemmer og varamedlemmer i styret. Valnemnda handsamar og søknader om fritak og om midlertidig fritak, frå fylkeskommunen sine medlemmer i råd og utval.

1. Samansetjing

Fylkestinget vel i det konstituerande møtet, etter innstilling frå fylkesutvalet, ei valnemnd for heile valbolken. Valnemnda bør ha 13 medlemmer. Talet medlemmer skal reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Alle partia skal vere representerte i valnemnda. Dette inneber at talet medlemmer kan verte endra.

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar.

Valnemnda er oppretta for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

- valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget.
- valnemnda gir innstilling i saker om val av skjønnsmedlemmer.
- valnemnda gir innstilling i saker om suppleringsval i samband med at fylkeskommunale representantar vert innvilga fritak eller midlertidig fritak.
- valnemnda gir innstilling i saker som gjeld søknader om fritak og om midlertidig fritak, der avgjerda ligg til fylkestinget. Jfr. kommunelova § 7-9 2. ledd.

3. Saksbehandling

For valnemnda gjeld Reglement for saksbehandling.

4. Arbeidsform

Møta i valnemnda er knytt opp mot fylkestinget sine møter. Møtet i valnemnda finn stad i forkant av møtet i fylkestinget.

5. Avgjerd i hastesaker

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som gjeld oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.